

Grunngjeve spørsmål: Vil Volda støtte eit forbod mot atomvåpen?

Ordførar

I ei verd stadig prega av meir uro og konflikt, er atomvåpen ei evig trugsel mot menneskeheita. Og den største umiddelbare trugselen som på få minutt kan øydeleggje det meste av livet på jorda. I dag er det om lag 14 000 kjernefysiske våpen i verda, dei fleste er langt kraftigare enn bombane som fall over Hiroshima og Nagasaki. I år er det 75 år sidan atombombane fall, dei einaste atomvåpen som har vorte brukt i krig, men det er det kun flaks og tilfeldigeheiter som er grunnen til at vi kan stå her i dag.

Fleire gongar har det vore einskildpersonar som har hindra det utenkjelege. Ein atomkrig. Stanislav Petrov i september 1983, avfeidde ein falsk alarm frå sovjetisk varslingsystem. Vasily Arkipov, som i Cubakrisa i 1962, nekta å avfyre atomvåpen mot amerikanske skip.

Til og med her i Noreg har det nesten gått gale, den gongen då det i 1995 vart skote opp ein forskningssatelitt frå Andøya. Russland var varsla, men ein feil gjorde at det russiske utanriksdepartementet aldri vart varsla. Boris Jeltsin hadde omtrent fingeren på knappen til den berykta "atomkofferten".

– "Dette var den alvorligste hendelsen i den kjernefysiske historien. Verden har aldri vært nærmere en atomkrig" har CIA-veteranen Peter Pry sagt.

I tillegg har det fleire gongar vore tekniske feil, falske alarmer og uhell som fort kunne eskalert til ein global atomkrig.

Vi har hatt flaks, mykje flaks. Kor lenge varar den?

Men - det stoppar ikkje der. Sjølv ved ei "lokal" konflikt, kan få katastrofale globale konsekvensar. Om berre ein liten brøkdel av atomvåpenarsenalet blir detonert vil støv og røyk virvla opp i atmosfæra gjere art sollyset blir blokkert verda over, av og føre til ein atomvinter, med påfølgande global kollaps av matforsyning og global hungersnaud.

Risikoen med atomavskrekking, er altfor stor til å godta. Difor må Noreg signere og ratifisere FN sin traktat for forbod mot atomvåpen. Slik vi og våre born kan ha ein tryggare framtid i møte, utan frykt for ein plutselig og meiningslaus atomkrig.

Dette er ikkje eit spørsmål som berre angår utanrikspolitikken, dette er noko som i høgste grad også sikkerheita til Volda sine innbyggjarar. Ei atomkonflikt vil ramme alle, også oss. Det er ingen vinnarar, berre taparar, i ei slikt utenkjeleg tilfelle.

Spørsmål

- Vil Ordføraren jobbe for at Volda kommune støttar FN sin traktat om forbod mot kjernefysiske våpen, og slutte seg til ICAN (International Campaign to Abolish Nuclear Weapons) «Cities Appeal»?

Og vil ordføraren sørge for at Volda kommune vil oppmode andre kommunar, og regjeringa til å støtte opp under FN sitt forbod mot atomvåpen?

Henning Holsvik
Volda KrF

https://www.nrk.no/nordland/_-aldri-vaert-naermere-atomkrig-1.8005229

<https://www.nrk.no/urix/sa-naer-har-verden-vaert-atomkrig-pa-grunn-av-misforstaelser-1.12815180>

<https://advances.sciencemag.org/content/5/10/eaay5478>

<https://legermotatomvapen.no/news/183/details/kashmir-verdens-farligste-sted>